

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 14.01.2021

Saka vart lagt fram utan saksframlegg.

Kurt Johnny Hæggernæs (Pp) sette fram slikt forslag:

«**Bekymring for endringar for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i bussforholda.**

Eldrerådet i Vestland fylke er bekymra over endringane i bussforholda for eldre og svaksynte.

Årsaka til dette er følgjande:

I alle nye bussar frå 2020 er dei røde stoppsignalene inne i bussen fjerna og erstatta med informasjonsskjermvarsel framme i bussane. Dette medfører at mange eldre og svaksynte får redusert moglegheita til å følge med om bussen vil stoppe eller ikkje på neste busshaldeplass.

Informasjonen på skjermene ruller med forskjellig informasjon noko som reduserer oppfatninga for stoppsignal. Dette er verst for dei svaksynte.

I tillegg er fleire av seta nå snudd i ein del bussar slik at det er sete både med og mot køyreretninga. Da blir stoppsignal og informasjonstavlene for seta som vender bakover i bussen umogleg å sjå.

I tillegg er det endringar på busshaldeplassar. Før var det rutetabellar som informerte om rutetider og avgangar. Nå erstattast dette av ei såkalla QR-kode som du må scanne inn på passasjerens mobiltelefon og som du da får tilgang til rutetabellar.

I tillegg så er vi bekymra over at betaling nå skal skje via mobiltelefon og appar.

Eldrerådet kan ikkje akseptere denne endringa og ber Vestland fylkeskommune iverksette tiltak som gir eldre og svaksynte eit alternativ på ovannemnde forhold.»

Martin Monrad Reigstad sette fram slikt forslag:

«**Tillegg:**

Fylkeseldrerådet krev at Skyss tar med brukarmedverknad til nye teknologiske løysingar.»

Vigdis Helene Ravnøy sette fram slikt forslag:

«**Tillegg:**

Bussen stoppar ofte med altfor stor avstand til fortauet. Og mange bussar senker ikkje inngangsdøra for eldre og andre personar med innskrenka mobilitet.»

Avrøysting

Hæggernæs sitt forslag vart samråystes vedteke.

Reigstad sitt forslag vart samråystes vedteke.

Ravnøy sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

Bekymring for endringar for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i bussforholda.

Eldrerådet i Vestland fylke er bekymra over endringane i bussforholda for eldre og svaksynte.

Årsaka til dette er følgjande:

I alle nye bussar frå 2020 er dei røde stoppsignalene inne i bussen fjerna og erstatta med informasjonsskjermvarsel framme i bussane. Dette medfører at mange eldre og svaksynte får redusert moglegheita til å følge med om bussen vil stoppe eller ikkje på neste busshaldeplass. Informasjonen på skjermene ruller med forskjellig informasjon noko som reduserer oppfatninga for stoppsignal. Dette er verst for dei svaksynte.

I tillegg er fleire av seta nå snudd i ein del bussar slik at det er sete både med og mot køyreretninga. Da blir stoppsignal og informasjonstavlene for seta som vender bakover i bussen umogleg å sjå.

Bussen stoppar ofte med altfor stor avstand til fortauet. Og mange bussar senker ikkje inngangsdøra for eldre og andre personar med innskrenka mobilitet.

I tillegg er det endringar på busshaldeplassar. Før var det rutetabellar som informerte om rutetider og avgangar. Nå erstattast dette av ei såkalla QR-kode som du må scanne inn på passasjerens mobiltelefon og som du da får tilgang til rutetabellar.

I tillegg så er vi bekymra over at betaling nå skal skje via mobiltelefon og appar.

Eldrerådet kan ikkje akseptere denne endringa og ber Vestland fylkeskommune iverksette tiltak som gir eldre og svaksynte eit alternativ på ovannemnte forhold.
Fylkeseldrerådet krev at Skyss tar med brukarmedverknad til nye teknologiske løysingar.